

**Fra:** ikke-svar@epost.svar.regjeringen.no  
**Sendt:** tirsdag 23. august 2022 14:39  
**Til:** Postmottak JD  
**Emne:** Høringssvar fra Ulvik herad på Høring NOU 2022: 5 myndighetenes håndtering av koronapandemien del 2 - via regjeringen.no

## **22/2752 - Høringssvar fra Ulvik herad på Høring NOU 2022: 5 myndighetenes håndtering av koronapandemien del 2 - via regjeringen.no**

**Vårt saksnummer:** 22/2752

**Høring:** Høring NOU 2022: 5 myndighetenes håndtering av koronapandemien del 2

**Levert:** 08/23/2022 12:39:25

**Svartype:**

**Gruppering av høringsinstanser:** Kommune

**Avsender:** Ulvik herad

**Kontaktperson:** Thore Hopperstad

**Kontakt e-post:** thore.hopperstad@ulvik.kommune.no

---

Ulvik herad meinar at NOU 2022:5 har svært mange gode refleksjonar, og tek opp veldig mange erfaringsområde og forbettingsområde.

Ulvik herad ynskjer likevel å komme med fylgjande innspel/merknader til høyringa generelt, samt nokre kommentarar til pkt 12.5 "Kommisjonens avsluttende anbefalinger":

Frå ståstaden til kommuneoverlegen og kommunal kriseleiing i ein liten

komune som Ulvik, så opplevde me at informasjonsflommen frå statlege mynde var overveldande gjennom pandemien. Me fekk stort sett den informasjonen me hadde behov for, men den sto alltid i fare for å drukne i mengden. "Alle" hadde ting å informera, evt instruera kommunen og kommuneoverlegen om. Me måtte forhalda oss til informasjon frå regjeringa sine presse-konferansar og pressemeldingar på deire heimeside, Helse- og omsorgsdepartementet, Helsedirektoratet, Folkehelseinstituttet, og dessutan Statsforvaltar. I tillegg kom også DSB og KS på bana innimellom.

Folkehelseinstituttet hadde også ein tilsett rådgjevar som tok til å senda brev til kommuneoverlegane. Det var for så vidt omtenksamt, men vart forvirrande - Kva status hadde desse breva? Kva informasjon skulle me legge vekt på i kommunane? Det var altfor mykje informasjon å halda styr på, vi var konstant redd for å gå glipp av noko viktig. Det vart og vanskeleg å finna att informasjon, ein gløymde på kva heimeside eller epost eller kanal ein hadde lese det aktuelle. I startfasen av pandemien kom sentral informasjon på nyheitane før kommunane hadde fått dei, slik at publikum/innbyggjarane kunne vera meir oppdaterte enn oss som var ansvarlege i kommunen.

Endringar i føresetnader og regelverk kom i raskt tempo og med korte tidsfristar. Kommunane og kommuneoverlegane skulle i ein slik krisesituasjon ikkje berre handtera informasjon, dei same personane skulle og utføra smittesporing, planlegga og gjennomføra vaksinasjon, gi naudsynte helsetenester og andre tenester til innbyggjarane.

Statsforvaltaren i Vestland kom tidleg på banen og hjelpte oss å tolke informasjonen som kom, avklare uklarheiter, innhente presiseringar, etc. Me opplevde dei faste teamsmøta mellom Statsforvaltar og kommunane som særstilt nyttige, dei kunne me og dra nytte av andre kommunar sine erfaringar og læra av kvarandre. Møta la også grunnlaget for gjensidig solidaritet og nabohjelp mellom kommunar, og mellom spesialisthelsetenesta og kommunane. Det erfarande Ulvik konkret i vårt største utbrot (i februar 2021) då 12,5 % av innbyggjarane vart smitta på 3-4 veker og helsepersonell utanfrå kom til unnsætning. Det bør no utarbeidast eit system for det arbeidet som

Statsforvaltaren i Vestland la grunnlaget for under pandemien, slik at me har dette på plass ved ein evt seinare pandemi.

For framtida ynskjer me oss at statlege mynde finn færre informasjons- og instruksjons kanalar til kommunane og kommuneoverlegane, for å unngå overbelastning av avgrensa kapasitet hjå mottakar av informasjonen i kommunane. Me foreslår dessutan å vidareutvikle og styrke Statsforvaltaren si rolle i krisehandteringa. Dei kjenner kommunane godt og dei kjenner kanalane inn til sentrale mynde på statleg nivå. Dei har også oversikt og kontakt med beredskapsorganisasjonar i kommunane sitt område.

I NOU 2022:5, pkt 12.5 under "Bedre beredskap" bør det takast inn at det alltid må finnast eit nasjonalt beredskapslager og ansvaret for eit slikt lager bør ligge hjå HDIR og DSB. Ein bør evt også sei noko om i kva grad ein bør satsa på nasjonal eigenproduksjon av enkelte produkt som me bør ha i beredskapslager.

I siste delpunkt under "Bedre beredskap" (som startar med "Myndighetene bør som del av..." bør det presiserast at retningslinene for inngripande tiltak ikkje bør vera opp til kvar enkelt kommune å ta stilling til, slike beslutningar må takast nasjonalt, gjeldande likt for alle kommunar.

I pkt 12.5 under "Styring og organisering i en langvarig nasjonal krise" meinar me at det siste avsnittet i det siste punktet bør strykast, dvs heile avsnittet som startar med "I en langvarig krise bør myndighetene....."

I pkt 12.5 under "Anbefalinger for tiltak som kan redusere sårbarheten i samfunnet", meinar me at det første punktet må tydeleggjerast eller strykast, dvs punktet som startar med "Erfaringene fra krisekommunikasjonen med befolkningen....."

Under same overskrift "Anbefalinger for tiltak som kan redusere...." bør det inn eit eige punkt om barnevern og erfaringar knytt til behovet for ei styrking av barnevernet sitt arbeid i kriser der barn vert så berørt, særleg med tanke på nedstenging over tid av skular og barnehagar. Det bør også inn eit eige punkt om unge elevar/studentar som bur utanfor heimane.

I pkt 12.5 under "Anbefalinger for en framtidig pandemi", under "Sykehusene", så er det viktig med realistiske konklusjonar. Me meinar difor at det siste strekpunktet bør strykast eller skrivast om, dvs punktet som startar med "Når myndighetene skal bygge nye sykehus". Det å ha ståande nok areal til at ein "alltid" kan ha ledig kapasitet mtp ein evt pandemi, det har ein stor kostnad og er vanskeleg å forsvare. Her må ein heller sjå på om det er andre tiltak som kan bidra til at fleire kan behandlast i ei krise, med dei areala ein har til rådvelde eller om ein t.d. kan utvide kapasiteten i kriser med mobile "feltsjukehus".

Det siste strekpunktet, under overskrifta "Vaksinering" bør strykast. Dette vil ikkje vera mogleg i praksis og slike tiltak må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Det må dessutan vera fagleg grunngjeve, og ikkje politisk vurderte.

**Alle svar må gjennom en manuell godkjenning før de blir synlige på [www.regjeringen.no](http://www.regjeringen.no).**